

Fra: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Sendt: 17.08.2023 14:42:24

Kopi: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Emne: Høyring om framlegg til endringar i utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn

Høyring om framlegg til endringar i utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn

Språkrådet sender med dette ut på høyring to sett med utfyllande reglar for skrivemåten av stadnamn. Det eine inneheld framlegg til endringar i dei utfyllande reglane for skrivemåten av norske stadnamn. Det andre er utfyllande reglar for skrivemåten av kvenske stadnamn. Reglane for begge språka er utarbeidde av Språkrådet. Reglane for kvenske stadnamn er nye, og desse blir nærmare omtala i høyringsnotatet. Høyringsnotatet om dei norske reglane skildrar framlegg til endringar etter nyleg vedtekne endringar i lov om stadnamn og forskrift om stadnamn.

Dei utfyllande reglane for skrivemåten av kvenske stadnamn og framlegga til endringar i reglane for skrivemåten av norske stadnamn blir sende ut på høyring slik at dei instansane reglane gjeld for, får høve til å uttale seg om dei. Språkrådet inviterer dykk til å kome med fråsegn til dei konkrete framlegga som er omtala i notata. Fråsegnene er offentlege etter offentleglova og blir publiserte på nettsidene til Språkrådet. Frist for å sende høyringsfråsegn er 1. november 2023. Bruk e-postadressa

post@sprakradet.no.

Språkrådet 

[Twitter](#) | [Facebook](#) | språkrådet.no